KBDUB66. 7 S1-1

RADØY KOMMUNE

Mottatt 30/4-2011

Asjørn Monsen
Salhusveien 157
5107 SALHUS

| Dykkar ref. | Vår ref. | Dato: |
|---|---|---|
| | 10/97-11/ 11/3338/102/8/ÅMS | Manger: 28.04.2011 |

# FERDIGATTEST

Etter plan- og bygningslova § 99.

## GNR 102/8 VALDERSNES - KLOAKKUTSLEPP - FERDIGSTIILING

Dei kontrollansvarlege for utføringa har ordna med sluttkontroll og avsluttande gjennomgang av kontrolldokumentasjonen for det ferdige arbeidet. Gjennom dette har dei kontrollansvarlege stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at byggearbeidet er utført i samsvar med løyver og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova og vedtak i saka datert 10.05.10 og 30.06.10.

**Skildring:** Montering av slamavskiljar med utslepp i tett leidning til djup sjø.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland (S.)
Leiar plan, næring og teknisk/Juridisk rådgjevar

Aase M. Skrede
Aase M. Skrede
Byggesakshandsamar

**Kopi til:**

Komtekansvarleg i Radøy kommune
Kvalheim VVS Postboks 1 5931 MANGER

VBDLB66 8

S1-5

**Trygve Johansen**

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Ståle Reigstad <str@millarco.com> |
| **Sendt:** | 20. april 2022 17:05 |
| **Til:** | Trygve Johansen |
| **Emne:** | Utslepp avtale |

17:02 ons. 20. apr.

digipost

ALVER
KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Ståle Reigstad
Klauvarinden 29 A
5107 SALHUS

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Hogne Askeland | 16.11.2021 |
| Vår: 21/9013 - 21/75527 | hogne.askeland@alver.kommune.no | |

UBDLB66 8 52-5

17:02 ons. 20. apr.

digipost

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplan for Radøy kommune - revisjon 2019 er definert som LNF-område.

**Dispensasjon arealformål**
Det er kommunens vurdering at tiltaket kan etablerast utan dispensasjon frå arealformål LNF, minirenseanlegget vert utført som eit skjult anlegg utan vesentlege terrenginngrep.

**Dispensasjon verneforskrift Lurefjorden og Lindåsosane**
Eigendomen ligg i eit område som er omfatta av Forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde i Alver og Austrheim kommunar, Vestland fylke.

Statsforvaltaren har vurdert at det er rett å innvilga dispensasjon frå verneforskrifta med vilkår om høge krav til reinsing, samt varsam utlegging av røyrleidninga fram til område for optimal vassutskifting.

Statsforvaltaren i Vestland har i brev datert 22.09.2021 gjort følgjande vedtak:

**Vedtak**
Statsforvaltaren i Vestland gjev dispensasjon etter § 5 b, jamfør verneforskrifta for Lurefjorden og Lindåsosane, til legging av ei 30 meter lang røyrleidning frå hytta på gards- og bruksnummer 502/37 i Alver kommune, på følgjande vilkår:

1. Utsleppet ligg i følsamt fjordområde og skal minst etterkome forureiningsforskrifta sine krav til reinsing av denne type utslepp til følsame område.
2. Røyrleidninga langs botnen skal vere minimum 10 meter og utsleppspunktet må liggje slik at vassutskiftinga på staden vert optimalisert. Utsleppspunktet må heller ikkje forårsake gjennomslag til overflata.

VBDLB66 4 § 3-5

digipost

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

**Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**
Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

**Tekniske krav til byggverk**
Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK).

**VURDERING:**

**Plassering**
Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

**Nabovarsling**
Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med Plan- og bygningslova § 21-3. Det er kommunens vurdering at tiltaket kan etablerast utan nabovarsling. Eigedomen ligg slik til at dette ikkje påverkar naboar i noko grad.

**Visuelle kvalitetar**
Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

**Tiltaksklasse**
Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

VBDLBG4 8 S4-5



- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommunen vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 21/9013**

**Ansvar**
Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege

Mvh
Ståle Reigstad
Key Account Manager Norge
Rogaland,Vestland,Møre&Romsdal,Trøndelag,Innlandet og Finnmark

Millarco
Tlf: +47 48253040
Mail: str@millarco.com

VBDLBGG 8 S 5-5